



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10472 - 22/18047

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
02.03.2022

Landbrukssak GBNR 27/4 - Klage på vedtak om produksjons- og avløysartilskot 2021

Me synar til vedlagd klage på vedtak om produksjons – og avløysartilskot 2021 frå føretaket Tommy Bårdsen 996386295 og sender den vidare til klageinstans. Klagen er komen inn i rett tid og er eit vedtak som kan klagast på.

Kommunen sin kontrollplan for søknadar i 2021 sa at ein blant anna skulle ha dokumentkontroll av utgifter til avløyning då det er eit gjentakande problem med at føretak ikkje har forstått eller som ikkje har satt seg inn i kva reglar som gjeld. Føretaket Tommy Bårdsen blei tilfeldig plukka ut blant dei søkarane som har søkt om avløysartilskot.

Om saka:

Føretaket har 2.10.2021 søkt om refusjon av 21 690kr i avløysarutgifter og blei i desember 2021 trekt ut til kontroll og frist for innlevering av dokumentasjon blei satt til 10.januar som er frist for etterregistrering av utgifter til avløyning. Dokumentasjon blei sendt til kommunen 8.januar.

Sakshandsamar kontrollerte dokumentasjon den 11.januar og det kom fram av dokumentasjonen(a-melding og bankbilag) at søkar hadde hatt 17428kr til utgifter i 2021. A-melding var datert 28.12.2021.

Avviket mellom søkars opplysningar i søknaden og faktiske utgifter var på 4262 kr.

Kommunen vurderte i denne saka å gje søkar ei avkorting etter paragraf 12, avkorting ved feilopplysningar. Avkortinga blei vurdert til det tilsvarande avviket mellom søkars opplysningar og faktiske utgifter då ein meinte at som sjølvstendig næringsdrivande og som arbeidsgjevar burde ha full kontroll på at opplysningar som er ført i søknaden og faktiske utgifter er dei same.

Vurdering i vedtaket:

*Ved kontroll av avløysarutgifter har søkar berre dokumentert 17428kr og ikkje 21690kr som omsøkt, inkludert arbeidsgjevaravgift.
Differansen mellom omsøkt tilskot og faktiske utgifter er 4262.*

Feilføringa ville ført til ei uberettiga utbetaling på 4262 kr og får difor trekk tilsvarende etter paragraf 12 i forskrift om produksjons- og avløysartilskot.

*Tilskotsmottakere etter forskrifta er sjølvstendig næringsdrivande og det vert stilt strenge krav til aktsomheit.
Som potensiell mottakar av statlege midlar er det forventat at søkar legg ned naudsynt arbeid med å fylle ut søknadsskjema korrekt.*

Då søkar er arbeidsgjevar for innleigd arbeidskraft burde søkar ha full oversikt på faktiske utgifter og kva som er omsøkt. Det blei og sendt ut påminning angående fristen for etterregistrering/ending 10.januar.

*Kommunen vurderar at føretaket har handla simpelt uaktsomt og vil ikkje trekke ytterligere i tilskotet enn dei 4262kr feilføringa ville gitt.
Ein meiner at sjølv ei mindre avkorting vil virka skjerpande for føretaket.*

Klage på avkorting er datert 19.februar.

Der kjem det fram at søkar har sett på tilskotsgrunnlaget for 2020 når han fylte ut a-meldinga i desember og ikkje for 2021. Kommunen var ikkje i kontakt med søkar frå innlevert dokumentasjon og vedtak og søkar nemner at om kommunen hadde gitt beskjed ville han ha kjørt ei ny a-mledning med riktig beløp.

Kommunen tar til seg kritikken i forhold til tilbakemelding etter kontroll og vil prøva å forbetra rettleiinga. Me har forståelse for at det er gjort ein feil frå føretaket, men me fekk inn dokumentasjon 2 dagar før frist for etterregistrering, noko som gjer det vanskeleg å svara føretaket raskare.

Det er føretaket sitt ansvar å fylle ut skjema korrekt med tanke på dei faktiske forholda i drifta. Om føretaket ikkje hadde blitt plukka ut til kontroll hadde føretaket fått ei uberettiga tilskotsutbetaling, ut frå det vil ikkje kommunen ta klagen til følgje. Klaga vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger